

Referat av styremøte for Sunnmør Skyttarsamlag



Dato: 06.02.2023

Stad: Aalesund sitt skyttarhus i Olsvika

Møtestart: Klokken 18.00

Desse møtte: Thor Einar Aurdal, Ronny Vedå, Tom Olav Moldskred, Ola Vangen, Karoline Hansen, Roger Vangen og Ola Kåre Dybvik

Sak 1/2023 – Ungdomsutvalet

Leiar informerte om arbeidet i ungdomsutvalet så langt i år. Det har vore to møter. Hovudaktiviteten frå utvalet i år vert ungdomstreffet 12.mars, ikkje umogleg at det vert eit til om interessa vert stor. Det har foreløpig ikkje vore utnemnt nokon leiar. Karoline tek jobben med å få på plass dette.

Sak 2/2023 – Aktivitetsplan 2023

Styret ser for seg å få gjennom desse aktivitetane for 2023:

- Miniaturcupen
- Feltkarusellen
- Ungdomstreffet
- Pizza på LS
- Kurs i MegaLink/Kongsberg? Sjekke interessa.
- Midt-Norsk Meisterskap 2023 (innhente gode prisar på overnatting og marknadsføre arrangementet)
- Kick-off før miniatyrseongen hausten 2023

Sak 3/2023 – Arbeidsfordeling styret 2023

Arbeidsfordelinga for styret i år vert (i tillegg til generelle arb.oppg):

- Miniaturcupen – Ola Kåre Dybvik
- Feltkarusellen – Tom Olav Moldskred
- Ungdomstreffet – Ungdomsutvalet
- Pizza på LS – Ola
- Kurs i MegaLink/Kongsberg? Sjekke interessa. – Thor Einar Aurdal
- Midt-Norsk Meisterskap 2023 – Karoline Hansen
- Kick-off før miniatyrseongen hausten 2023

Sak 4/2023 – Div oppdatering

Leiar oppdatert raskt om miniatyrcupen, HV's sommartreff og diverse saker frå leiarkonferanse 14.-15. jan.

Sak 5/2023 – Møteplan 2023

Det leggjast opp til styremøter i:

- Mai
- August/September
- Oktober/November

Sak 6/2023 – Eventuelt

LDKS Felt: Søre-Sunnmøre har signalisert vanskar for å gjennomføre meisterskapet. Det vert jobba med plan B om å få meisterskapet gjennomført i vårt samlag.

Fastrentekonto: Det er oppretta fastrentekonto, som omtala på ombodsmøtet. Det er satt av 150 000 kronar på kontoen, som er planlagt å stå på konto i eitt år.

Møtet slutt 20:05

referent Ola Vangen